

FORSVARSDEPARTEMENTET
Postboks 8126 DEP
0032 OSLO

Dato	15.11.2022
Vår referanse	2022/84313-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Stein Hallvard Trohaug
E-post	Stein.Hallvard.Trohaug@vlfk.no
Telefon	94013958

Vedtak Høyring - forvalting av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar

Vestland fylkeskommune har gitt følgande høyringsvedtak om framtidig forvalting av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar:

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 08.11.2022

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- 1.Fylkesutvalet sluttar seg til Forsvarsbygg si tilråding om framtidig forvaltning av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedommar.
- 2.Fylkesutvalet ser det som tenleg at alternativ 1 vert lagt til grunn. Dette inneber at festningsporteføljen framleis skal vere eigd av Forsvaret, med Forsvarsdepartementet som ansvarleg departement og Forsvarsbygg som forvaltar innanfor ein ny tilpassa modell, der dei kulturhistorisk viktige eigedomane er skilt ut som ein eigen eining med eige budsjettkapittel.
- 3.Fylkesutvalet ber Forsvarsdepartementet om å syte for tilstrekkeleg finansiering til at sektoren sine kulturminne kjem opp på eit akseptabelt vedlikehaldsnivå. Det må òg løyvast midlar for å styrke museal formidling på festningseigedomane og gjere det mogeleg å utvikle dei vidare som arena for kulturoppleving og rekreasjon.

Med helsing

Stein Hallvard Trohaug

seniorrådgiver

KII - Museum, fartøy- og bygningsvern

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Høyring - forvalting av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar

